



Rune Nilsen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1153 - 15/7116

Saksbehandlar:
Bjarte Buanes
bjarte.buanes@meland.kommune.no

10.04.2015

Svar på førespurnad tilknytt gbnr 5/93 i Meland kommune

Det vert vist til dykkar e-post av 1. dm. og vår telefonsamtale av d.d.

Nemnde samtale vert i hovudsak oppsummert som følgjer:

Før kommunen eventuelt kan godkjenne en ny søknad om dispensasjon frå arealformålet i gjeldande kommuneplan (LNF), for bygging av hytte(r) på gbnr. 5/93, må det ligge føre naudsynt godkjenning eller uttale frå Statens vegvesen som stadfester at vegvesenet godkjenner ei tenleg tilkomstløyising. I motsetnad til for heilårsbustader vert det ikkje naudsynleg stilt krav om at hyttetomtar skal ha parkeringsplass på eige eigedom; gjeldande regelverk krev som utgangspunkt berre at fritidsbustader skal vere sikra «*nødvendig parkerings- og oppstillingsplass tilpasset byggverkets funksjon*», saml. Byggteknisk forskrift (TEK10) §§ 8-9 jf. 1-2 andre ledd. Det kan difor tenkjast løyisingar kor hytteoppføring vert godkjent med tilhøyrande parkeringsplass på ei anna tomt i nærleiken, noko som heller ikkje er uvanleg. I så fall må aktuell vegmynde godkjenne ny avkøyrslø eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslø i høve til kor den nye parkeringsplassen skal etablerast.

Statens vegvesen har tidlegare avslått ein søknad frå dykk om utvida bruk av eksisterande avkøyrslø frå fv564, i nordleg lei mot gbnr. 5/93. Eg har ikkje lest dette avslaget, med i dagens samtale opplyste du at dette m.a. var grunngeve med at vegvesenet meiner at ny utbygging – og dermed auka trafikkbelastning på fylkesvegen – fortrinnsvis skal skje på sørsida av fylkesvegen.

Meland kommune vil på denne bakgrunn anta at du i denne omgang vil vere best tent med å undersøke om det er mogleg for deg å sikre deg rett til parkering på ein av eigedomene syd for fylkesvegen (i moderat gangavstand frå gbnr. 5/93). Slik parkering bør i så fall skje på ein eigedom som allereie er tilknytt ei eksisterande avkøyrslø og som stettar gjeldande krav til avkøyrslø frå fylkesveg, saml. Veglova §§ 40-43.

Når du eventuelt er sikra parkering, gjennom ein privatrettsleg avtale med ein grunneigar, vil kommunen vidare rå til at du kontaktar Statens vegvesen for ei avklaring på om vegvesenet kan godkjenne ei utvida bruk av den aktuelle avkøyrslø til den planlagde parkeringsplassen. Vegvesenet vil dertil kunne treffe eit vedtak eller gi ein førehandsuttale om dette. Dersom vegvesenet godkjenner den aktuelle løyisinga, eller gir

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

ein positiv førehandsuttale, vil kommunen i neste omgang leggje dette til grunn for ei eventuell søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sitt arealformål. Administrasjonen skal i denne omgang ikkje meine noko om korleis vegvesenet sannsynleg vil vurdere ei slik løysing.

Alternativt kan du allereie no søke kommunen om dispensasjon, men kommunen må då uansett innhente ein tilsvarande uttale frå vegvesenet. I sistnemnde tilfelle vil du måtte betale eit sakshandsamingsgebyr i dispensasjonssaken, uavhengig av kva uttalen frå vegvesenet går ut på.

I påvente av dykkar tilbakemelding på overståande vert saka stilt i byrå her.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anny Bastesen

Mottakere:
Rune Nilsen